

ALVER KULTURRÅD

Alver kommune
Kulturkontoret

21. mai 2021

Ang uttale på «fordeling av kulturmidlar 2021, framlegg frå rådmannen»

Alver kulturråd har ein samarbeidsavtale med politisk og administrativ leiing i Alver kommune, underskriven 18 aug 2020. I pkt 2 i denne avtalen er det eit mål at «avtalen skal vere med å sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til kulturfeltet».

Alver kulturråd må nok ein gong uttale seg på generelt grunnlag grunna sein tilgang til saksdokument og kompleksiteten i framstillinga.

Alver kulturråd er skuffa over at ramma for tildeling av kulturmidlar er den same som året før og difor ein reell nedgang prisauke tatt i betraktning.

Det er urovekkande at rådet ikkje blir kontakta tidlegare i prosessen. Det er ikkje mogleg på så kort tid å kome med ein godt grunngjeven uttale. Det er vanskeleg å forstå at kulturadministrasjonen treng to og ein halv måned på å systematisere ein søkarmasse og lage ei innstilling. Med dagens teknologiske moglegheiter kan dette gjerast raskt og effektivt. Samstundes er framlegga presentert i ei form som gjer det umogleg å sjå heilskapen, og å trekke linjer for tildeling over tid. Det å kunne sjå tildeling i historisk perspektiv er avgjerande for å leggje planar for framtidige tildelingar og politikk på området.

Alver kulturråd ønskjer at kulturkontoret utarbeider ein betre strategi og kvalitetssikring av prosessen med kulturmidlar. I denne tildelingsrunden vil Alver kulturråd spesielt nemne at

- søknadsfristar må respekterast. Særleg må det peikast på at «Alver kulturopplevingar» er registrert som ein organisasjon ein måned etter søknadsfristen og bør få søknaden vurdert i hausttildelinga 2021. Ein kan ikkje i vurderinga leggje til grunn at «Alver kulturopplevingar er ein nyoppretta, frivillig organisasjon» når den ikkje er det på dato for søknadsfrist.
- medlemstal må vere klart definert. Til dømes gjer Meland Jazzkafe ein strålande jobb, men kan, etter Alver kulturråd si meining, ikkje motta midlar som ein medlemsbasert organisasjon slik vurderinga i saksopplysninga krev.

Kulturrådet har elles merka seg fleire tilfelle av uklår plassering i rammer eller vurderingar som kan verke for diffuse til å ta stilling til, men har ikkje hatt tid til å utarbeide ei fullstendig liste. Vi lar derfor desse konkrete punkta ligge.

Vurderingar av komplekse søknadar må skje i samråd med relevante samarbeidspartar. Dette for å unngå mellom anna presedens i saker, samt sikre tilstrekkeleg informasjonsgrunnlag.

Alver kulturråd har brukt mykje tid på å drøfte sitt eige mandat og rekkevidd for arbeidet. Ordninga med at først Lindås kulturråd og no Alver kulturråd uttalar seg om tildelingane har no eksistert ei stund. Det kunne kanskje vera nyttig om kommunen fekk gjennomført ei evaluering av prosessen og erfaringane som prosessen har gjeve. Særleg nemner vi dei ulike vurderingskriteria for kva som fell innanfor eller utanfor kulturfeltet og mellom dei ulike tildelingsrammene innanfor kulturfeltet. Kulturrådet ser det òg som ønskjeleg at det vert utvikla rutinar for oppfølging av tiltak og prosjekt som får tildelte midlar.

Epost

kulturrad@alver.kommune.no

Alver kulturråd presiserer til slutt at merknadene frå rådet ikkje skal tolkast som mistillit til vurderingar av konkrete søknader. Det er den manglande transparensen i prosessen og det manglande høvet til å få oversyn over heilskapen i materialet som kulturrådet reagerer på.

Alver Kulturråd takkar for positivt samarbeid.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes
Styreleiar



Per Ole Ekker
Sekretær